



# *Menighetsbladet*



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 3 2022 47. årgang

*Stemshaug kyrkje,  
nymåla og fin*





## Med GPS til himmelen

For noen år siden hadde vi alltid med oss ei dame i bilen når vi skulle på tur. Hun satt og fortalte oss hvordan vi måtte kjøre for å komme oss fram dit vi skulle. Noen ganger var hun ikke helt orientert og kom med påstander som ikke var riktig, det kunne være at veien var omlagt, eller en bomstasjon var lagt ned fordi alt var nedbetalt. Tok vi en avstikker på eget initiativ fikk vi høre det, da måtte hele turen rekalkuleres. Med jevne mellomrom måtte hun oppdateres, om det skulle være noe poeng i å høre på henne. Hun måtte også få vite nøyaktig adresse, hvis ikke virra hun bare rundt og kom med uklare råd til oss. Ofte var jeg irritert på henne når hun var på det mest påståelige.

Mange har tenkt seg til himmelen, og det er prisverdig. Skal det bli mer enn et fromt ønske, er det viktig å følge den veien som faktisk fører til reisemålet. Det er kanskje sant at alle veier fører til Rom, men til himmelen er det bare én, og da hjelper det ikke å ta en annen, selv om den er mer trafikkert.

Bibelen inneholder mye forskjellig, og det er en hobby for enkelte å finne rariteter å harselere over, men da forstår vi også at det ikke er veien de leter etter.

Bibelen sier forbausende mye om veier og stier, og der er alle relevante opplysninger plotta inn. Hvis adressen er nøyaktig definert er det bare å følge veiledningen som kommer fram. Vi får blant annet vite at



"smal er den vei som fører til livet, og det er så få som finner den" i Matteus 7,17. Fordelen er at veien er opplyst, slik vi kan lese i Salme 119,105: "Ditt ord er en lykt for min fot og et lys på min sti." Det er helt unødvendig å tulle seg bort når Bibelen er din GPS som viser veien til Jesus, som også er veien til himmelen.

## Kirsti Orheim Ås, 90 år

Menighetsbladet vil sende varme gratulasjonar til Kirsti Orheim Ås som har runda 90 år no i august.

Kirist har vore mangeårig redaktør i Menighetsbladet og var dessutan med på å starte opp Estlandsarbeidet. Til lukke, til lukke!



## Sang og salmekveld

Torsdag 6. oktober kl. 19.00 er det sang- og salmekveld i Gullstein kirke

Aktører er : Renate Sagvik, Olav Skarset, Liddvær Hannasvik, Marius Jektvik, Leif Johan Birkelund, Åsta Andreassen, Hilde Meland Sagvik og Alex Kurbanov.



# Min salme

Preben Colstrup

Jeg var som alle andre i nærheten av min mor da jeg ble født. Ikke unormalt i det hele tatt. Men det som var noe utenom det vanlige var at mor hadde vært enke i over åtte måneder den dagen.

Jeg fikk, som Sivle, høre mors sang tidlig i livet mitt. Hun sang afterbønn og barne-sanger hver kveld i mange år. Jeg likte mors sang, og med tiden fikk jeg høre at hun fikk S i sang på skolen.

I godt voksen alder fikk jeg høre at mor ble anbefalt å ta abort på grunn av hennes helse. Hun fikk nemlig tuberkulose under krigen. Når jeg blir bedt om å trekke fram en salme, velger jeg «Den første song eg høyra fekk, var mor sin song ved vogga».

Jeg takker Gud for mor som tok sjansen på å gi meg livet slik at jeg fikk høre sangen.

## DEN FYRSTE SONG EG HØYRA FEKK

Tekst: Per Sivle, 1877

Melodi: Lars Søraas, 1909

*Den første song eg høyra fekk  
var mor sin song ved vogga.  
Dei mjuke ord til hjarta gjekk,  
dei kunne gråten stogga.*

*Dei sulla meg så underleg,  
så stilt og mjukt te sova.  
Dei synte meg ein fager veg  
opp frå vår vesle stova.*



*Den vegen ser eg ennå tida  
når eg fær auga kvila.  
Der stend ein engel, smiler bildt  
som berre ei kan smila.*

*Og når eg sliten trøytnar av  
i strid mot alt som veilar.  
Eg høyrer stilt frå mor si grav  
den song som allting heilar.*

## Åpen kirke

### Gullstein

Vi i menighetsrådet på Tustna bestemte oss for å åpne kirkedørene under Aureveka i sommer.


Rådsmedlemmene fordelte ansvaret mellom oss, og vi holdt åpent fra 11.00 til 19.00 hver dag. Noen av oss var innom for å låse opp og igjen i løpet av dagen, mens andre var til stede hele åpningstiden. Det var litt å drikke og bite i hver dag.

Vi var veldig spente både på om det ville komme besökende, og på om kirka ville komme til skade, men erfaringen ble utelukkende positiv.

Utroig mange tok turen innom for å lære mer om kirkas historie, se seg om, slå av en prat, tenne lys eller be. Vi møtte både fastboende, forbipasserende fra inn- og utland, utflytta Tustninger hjemme på ferie og nysgjerrige Augjeldinger som benyttet anledningen til å se seg om.

Vi håper å kunne gjenta suksessen, og takker for besøket til alle som stoppet innom.

Ingrid



### Stemshaug

Stemshaug sokneråd hadde som i fjor åpen kyrkje under Aureveka i sommer.

Kirka var åpen mandag, tirsdag, onsdag og torsdag fra 13.00 til 16.00 der det var til sammen 46 besökende.

Det var salg av jubileumshefter, servering av kaffe, og Alexey spilte orgel to dager.

Det ble rapportert noe dårlig vær, men bra oppmøte tross alt.



### Aure

Aure sokneråd hadde også åpen kirke under Aureveka. Kirka var åpen fredag fra 11.00 til 15.00

Tor Pettersen var guide

Alexey spilte to frekvenser.

23 besökende.

# Estlandsturen 2022/ jubileumstur for Aure reiseservice AS

Fredag 19. august starta Estlandsturen 2022, som også var ein jubileumstur for Aure Reiseservice AS. Aure Reiseservice har i år eksistert i 30 år som frittståande bedrift. Vi var 38 stk. som var med denne gongen. Turen gjekk som vanleg frå Molde via Aure til Stockholm og vidare med båt til Tallin.

Brit som leiar i diakoniutvalet og kyrkjeverja Judith var med å hjelpe til der det var behov, både under planlegginga og på turen.

På forhånd hadde diakoniutvalet loddboeker som har gått over i heile Aure. Vidare hadde ei dame frå Vigra ordna ei loddbook også der. Totalt fekk vi inn kr. 45.000,- som går til å hjelpe menigheten «Word of God» i Narva.

Diakoniutvalet hadde også denne gongen samla inn klede og sko til trengande i Estland. 100 kolli kom inn denne gongen. Aure Reiseservice AS leide inn bil og hengar. John Bjørnholm stilte opp som sjåfør til å frakte alle kolli. Dette er vi veldig takknemleg for.

## Narva

Onsdag 24 august var vi på plass i Narva med hjelpesendinga. Der vart vi tatt imot med varme handtak, klemmar og fekk servert kaffi og gode kaker. Brit og Judith overrekkt gavé og helsinga frå oss venner i Aure. Pastoren Vladimir heldt ein fin tale til oss.

## Jubileumsfest for Aure Reiservice AS

Torsdag kveld var det duka for jubileumsfest for Lars og Aure Reiseservice. I tillegg til turfølge, var det var innbedne gjester frå Estland. Vi hadde ein triveleg kveld med god middag, underhaldning, tala, og overrekking av gaver. Som takk for samarbeidet hold kyrkjeverja tale og leiar i diakoniutvalet overrekke ei bilde av fotograf Kjell Gunnar Klaksvik,

## Besøk til Maria

Fredag. Da var nokre som besøkte Maria som vi har kjent og besøkt kvart år sidan 2008. Maria kommer frå Ukraina og har 6 egne barn som bor i Finland. No er ho blitt 74 år og sidan 2001 har ho drevet barnehjem og fosterheim.



Inviterte gjester jubileumsfest. Foto: Judith Bjørk.

No har ho også mødrer og barn frå Ukraina som bor hos seg. Framleis har ho fosterbarn, no fem stk. Vi ra Aure er dei einaste frå Norge som støtter og besøker ho. Vi opplever ein utruleg varme og kjærleik i Maria. Kvar gong serverar ho kaffi, frukt og kaker. Då vi overrekte ho pengegåve fortalte ho at med dei pengane ville ho hjelpe folk i Ukraina. Det seier litt om Maria. Ho tenkjer meir på andre enn på seg sjølv. Vi kallar ho en Mor Teresa.

## Om samarbeidet mellom kyrkja i Aure og Aure Reiseservice AS.

Kyrkja i Aure og nærmere bestemt diakoniutvalet har hatt eit godt samarbeid med Lars og Aure Reiseservice AS i heile 19 år. Samarbeidet starta i 2004. Diakoniutvalet ønska å starte innsamling av klede til trengande i Estland. Allereie den gong hadde Lars starta plana med Spa-turar hit, og hadde erfaring med hjelpesendingar før, så dette var noko han brann for.

Lars hadde også fått kontakt med menigheten «Word of God» som driv eit stort hjelpearbeid i Narva.

Og den 16 oktober 2004 var det klart for første hjelpesendingsturen til Narva og Estland med Aure Reiseservice AS og Lars som sjåfør. Nesten heile staben frå kyrkjekontoret var med den gongen.

Det var eit sterkt møte å komme til Narva. Menigheten der hadde kjøpt eit lagerbygg, der dei hadde fått laga eit møterom, og hadde planar om å få til suppekjøkken. Vi leverte klede og plasserte varene i eit mørkt kjellarrom. Etterpå deltok vi på møte, og opptrødde med song,

noko som har vorte ein tradisjon kvart år ein har vært bortover med hjelpesending. Det var stort å oppleve den takknemlegheten og varmen menigheten møtte oss med.

Det er heilt fantastisk det som har skjedd i løpet av desse 19 åra. Dette er den 18 hjelpesendingsturen der Aure Reiseservice har samarbeida med diakoniutvalet og kyrkja i Aure. Berre året 2020 vart vi forhindra på grunn av koronaen.

Mange år samla vi inn over 300 kolli, og Lars ordna med trailer for å få alt bortover til Narva. Frå eit grått trist bygg i 2004, med mørk korridor og ei trapp opp til eit forsamlingslokale og fram til det vi har sett på denne turen. Diakoniutvalet i Aure har vore med på og sponsa mykje av dette gjennom loddssal kvart år alle desse åra.

Men alt dette hadde vi ikkje fått til utan Lars, og Aure Reiseservice AS. Med det engasjementet og den kontakten du har hatt med menigheten i Narva og all logostikk med transporten frå Aure, hadde ikkje dette vorte realisert. Vi er evig takknemleg for det du har vore med på å bidrege ilag med oss i kyrkja i Aure i alle desse 19 åra.

## GRATULERE SÅ MYKJE MED 30 ÅR SOM FRITTSÅENDE BEDRIFT LARS.

Brit Nilsen og Judith Bjørk.



Gave til Lars. Foto: Judith Bjørk.

# Nymala Stemshaug kyrkje

Det er firmaet Vanquish Visitas AS, med Dag Ingvar Ripnes og Pål Sandnes som har utført arbeidet med maling av Stemshaug kyrkje.

Arbeidet starta 23. mai med å rigge opp. Deretter starta grunnarbeidet med skraping og fjerning av gammal måling. Arbeidet varierte mellom malingsfjerning (GEL), kraftvask og omfattende skraping samt store mengder vatn. Etter dette måtte ein vente i ca. ein månad for at veggane skulle bli tørre. På grunn av veret vart dette utsett noko.

All ytterkledning på kyrkja vart mala med to strøk Gjøco linolje-

maling. Vidare vart takrenner og nedløpsrøyr og anna utvendig dekor som smijern på dørblad vart også mala.

Arbeidsforholda i sommar har ikkje vore dei beste. Det vart gjennomført god kontroll med fukt måling på kledninga, og dette er grunnen til at jobben har blitt utført med å male små felt i gongen.

Arbeidet vart avslutta fredag 19. august. Då sto Stemshaug kyrkje fram som ei praktkyrkje med fin ny raud maling.

Vi er godt fornøgd med resultatet, og takkar Vanquish Visitas AS, for arbeidet som er utført. Vi har hatt ein god dialog, og godt samarbeid heile vegen. Firmaet kjem attende i haust for å reparere takstein og litt trearbeid på kyrkja.

Tekst og foto: Kyrkjeverja

## Trekking Estlandslotteriet 2022

### Sunnmørsbok

	Gevinst	Navn
1 Strikket barneskjørt	821	Lisbeth Wangen
2 Fruktkurv	670	Aud Blindheim
3 Liten trillekoffert	702	Svein Kjekvik
4 2 sengesett	984	Lillian Værnes

### Bok 1

1 1 glass honning	479	Ole Ledahl
2 skittentøykskurv	403	Margit og Hans Kiplesund
3 Middag x 2 Ringholmen	468	Ingrid Ledal
4 2kg klippfisk	36	Thea Eline Knutsen Vassvik
5 Honning/såpe	460	Ole M. Torset
6 Gavekort 100 Strand Klær	312	Greta Glomstad
7 Pølse og flatbrød	364	Anne Jorun Strand

### Bok 2

1 Gavekort bilvask 300,- Mekonomen	485	Ole Ledahl
2 Toalettartikler	34	Ellen Kalland
3 Tursekk (Sparebanken)	357	Reidun og Eiler Wessel
4 Gavekort 240,- Vean Bil	259	Ingrid Aukan
5 Handsåpe/Handkrem	42	Randi Barlaup
6 Gavekort 250,- Vihals	53	Gunnbjørg Rotøy
7 Skrujernsett Tennhaugen	66	Torvald Kristian Golmen

### Bok 3



1 Bilvask Skipnes Bilpleie	241	Astrid Gjerde m/fam
2 1 posjon Pizza/ Taco Aure gjestegård	401	Margit og Hans Kiplesund
3 Lysestake	240	Paul Rotøy
4 Gavekort 300,- Aure Trelast	131	Ester Indergaard
5 Minnebrikke/Verktøysett Kalland	473	Odd Magne og Ann
6 Stor pizza Venezia	105	Ingvild og Lars Barlaup
7 2 urtekrukker	496	Fam Sagli (Vihals)

### Bok 4

1 Pizza 1 pers Gjestegården	126	Asbjørn Skjervø
2 Verktøysett	316	Johanne og Konrad
Strømmen		
3 Gryteklyuter/Klesklyholder	432	Lars Dromnes
4 Selvbruningskrem	45	Arne og Oddveig Vassvik
5 Bassengtime Aure rehab	416	Anne Sigrid Meisingset
6 Spisebrikke/kubbelys/Servietter	493	Torleif Sæter
7 Ildtopp m/krukke	16	Sofie Voldsjø

### Bok 5

1 Fruktkurv Coop Foldfjord	203	Valborg Høvik
2 Fruktkurv Rema 1000	366	Lars og Ingvild Barlaup
3 Fruktkurv Bunnpris	41	Olav A. Lien
4 Fruktkurv Coop Extra Aure	153	Sofrid Bekken
5 Fruktkurv Coop Prix Tustna	455	Anne Sigrid Meisingset
6 Fruktkurv Diakoniutvalet	8	Stian Oldervik
7 Fruktkurv Privat	467	Bente og Jan Torset



# Bedehusa i sentrum for Kulturminnedagen

Den tradisjonelle Kulturminnedagen var i år vigg bedehusa og miljøet rundt dei, då Aure Historielag baud inn til markering i Aure Misjonshus. Det vart ein triveleg ettermiddag der bedehusa og bedehusmiljøet vart belyst frå mange vinklar og sider.

Tekst: Daniel Dynes Foto: Jan Ove Krutvik

Det kom fart i bedehusbygginga rundt 1850 her i Norge, då det etter kvart vart lovleg for lekfolk å forkynne Guds ord. Bedehusrørsla var gjerne knytt opp til litt meir pietistisk religionstolkning, og gjerne i ei viss motsetning til statskyrkja. Skjønt i mange bygdelag var bedehusmiljøet og nemnde statskyrkje gode samarbeidspartnerar.

I Aure (medrekna Tustna) vart det første bedehuset oppført rundt 1907, og det var Sør-Tustna bedehus som var først ute. Ikkje lenge etter kom også Leira bedehus, som kom opp i sterk konkurranse med ungdomshus på Leira. Dette vart og bygd, visstnok av same byggmeisteren. Så slik hadde leiringane hus til både å be og danse i.

Det kom etter kvart opp bedehus utover på 1900-talet på fleire stader i gamle Aure, og Somme grendelag var ganske effektive, medan andre starta prosessen på 1930-talet og kom ikkje i mål før på 1950-talet. Alt byggearbeid er sjølvsagt gjort på dugnad, og interiør bekosta med gåver, innsamlingar og loddsal o.l. Nokre hus er «still going» i dag, medan andre rett og slett er selde, og eit er omgjort til grendehus (Gullsteinkretsen)

## Ulike bruksformer

I løpet av kulturminnedagen var ikkje mindre enn 8 bedehus presenterte. Det var lagt vekt på frå arrangørane si side at det var aktiviteten i og ikring huset som var tema for dagen, ikkje så mykje om årstal og byggeprosess. Og dei ulike presentatørane varta opp med imponerande manglungne presentasjonar. Vi fekk naturlegvis høyre noko om opphavet til husa, men og mykje om kva dei hadde vore nytta til. T.d. på Lesundet, der huset for øvrig er seld, okkupert tyskarane huset gjennom heile krigen. Ei viss husleige vart godtgjort, men det var ein god del skade gjort då øyværingane fekk overta huset sitt igjen. Johannes Finset, som fortalte om huset på Lesundet, kom med mange finurlege betraktningar, både eigeopplevd og frå andre. Foredrag kan vere underhaldande.

Vi fekk høyre at Else Marie Ledal i Kjørsvikbugen tykte faren, som var emissær, var langdryg når han talte, og at ho til og med prøvde å avleie han.

Vi fekk høyre om karane som sat og



røykte i garderoben, slik at det stinka røyk av alle kleda når ein skulle ta dei på, att. Og elles var det mange som kom inn på t.d. arbeidet som vart gjort for born i dei ulike kretsane. Og avslutningsvis fekk vi eit innblikk i den mangfaldige aktiviteten ein har i Aure Misjonshus, det suverent mest brukta bedehuset i kommunen i dag.

Vi fekk elles høyre om song og musikk tilknytt bedehusa, og vi fekk jamvel høyre døme på dette. Aure Misjonskor stilte opp denne gongen, som for 15 år sidan, då faktisk kimen til det no meir etablerte koret oppstod. Den gongen, i 2007, omhandla nemleg Kulturminnedagen alle forsamlingshusa i kommunen. I samband med denne presentasjonen vart altså koret etablert, og har sidan halde koken. Musikalsk innslag var det og av Leif Johan Birkelund og Alexey Kurbanov.

Smalt?


Må vel seiast at det ikkje var storinnrykk i Aure Misjonshus denne laurdag ettermiddagen. Kanskje var det det flotte haustveret som lokka meir. Kanskje følte somme at dette temaet var litt smalt og litt sært. Dei frammøtte var nok stort sett folk som hadde vanka meir eller mindre i bedehusmiljøet før, og sjølvsagt var mange av dei frammøtte aktørar enten med presentasjon eller musikals. Litt synd at ikkje allmugen fann vegen til Aure Misjonshus denne dagen. Mange interessante fakta og synspunkt vart framført, og vi som sat i salen hadde det langt i frå kjedeleg.

Leiar i Historielaget, Daniel Dyrnes, uttrykte da og at han var særstak fornøgd med kva presentatørane hadde bidrege med, og han takka for all velvilligheita represantane frå dei ulike husa hadde synt.

Og etter at loddar var trekt og gevinstane fordelte, var det å seie takk for denne gongen og vel møt til Kulturmennedagen neste år, då med eit nytt tema.

The image shows a page from a magazine or brochure. At the top, the title "ÅLMO BEDEHUS" is written in a large, stylized, brown font. Below the title is a photograph of a white, cylindrical building with a dark roof, identified as the church. To the left of the church is a large block of text in Swedish. Below the church are three smaller photographs: one showing people gathered outdoors, another showing the interior of the church with pews and a pulpit, and a third showing a person standing near a wooden structure.

# Trusopplæringa



## Velkomen til babysang på Aure misjonshus!



Jeg har gleden av å få invitere til babysang! Babysang er for alle babyer sammen med mor eller far. Det er sang, musikk, rytme og bevegelse, alt tilpasset barnets alder. Vi har en stor gymmatte, men det kan likevel være lurt å ha med et lite teppe eller et håndkle til å legge babyen på. Etter en halvtimes tid med babysang blir det kaffe/ te og litt å bite i. Den som vil kan ta med seg lunsjen sin.

Samlingene blir på onsdager, og mandager utvalgte datoer, kl 11.00-12.30. Datoer dette semesteret:

onsdag 28. september  
onsdag 5. oktober  
onsdag 26. oktober  
onsdag 9. november  
onsdag 23. november  
mandag 5. desember

Semesteravgift: kr 100

Kontonr. 4068.10.64402


Håper du har lyst til å ta med babyen din å komme!  
(Vil bli arrangert ved minimum 4 påmeldte).

Påmelding til elisabeth@aurekyrkje.no eller 47975085  
(jobb) / 94035354 (privat)

Vennlig hilsen fra Trosopplæringen i Aure  
v/ Elisabeth Finset



### VELKOMMEN til på LEIRA bedehus



Du som er fra ca 1 til 3 år er velkommen sammen med mamma eller pappa til «SANGSPRELL» på Leira bedehus! Det blir sang og sprell og en kort bibelfortelling hver gang. Samlingen blir avsluttet med felles kveldsmat som vi kjøper inn. Tidspunkt: utvalgte tirsdager kl 17.00-18.30



Datoer for høstsemesteret:  
25. oktober  
8. november  
29. november  
13. desember

Påmelding til Aure kyrkjekontor:

[elisabeth@aurekyrkje.no](mailto:elisabeth@aurekyrkje.no)

eller tlf 47975085 (jobb) / 94035354 (privat)

Semesteravgift kr 100,- (dekker mat/drikke og en gave)

Kan betales til konto: 4068.10.64402

Vennlig hilsen  
Trosopplærer Elisabeth Finset,  
Leif Johan og Reidun Birkelund



## Ungdomsklubben **FOKUS**



Fredager  
19.30 -  
21.30

Aure  
misjonshus

8.klasse - 1 VGS

Datoer høsten

2022:

23. september

7. oktober

28. oktober

18. november

9. desember

Det blir salg av  
pizza og brus,  
andakt, spill og  
ulike aktiviteter!

# Bu-heime-leir



## Ørneklassen

Ørneklassen er for deg fra fire år til fjerde klasse. Samling på onsdagar kl. 17.30 til 19.00, med samlingsstund, song, leik og kveldsmat.

5. oktober – 2. november - 16. november –

7. desember

Velkommen!

Velkomen til  
**TWEENS**  
*for*  
**DEG I 5. - 7. KLASSE**

Fredagar kl. 19 - 21

16.09. 21.10. 11.11. 02.12.

AURE MISJONSHUS

DET BLIR LEIK, SPEL, ANDAKT OG SAL AV MAT

# – Viktig å kome som seg sjølv

## Kaffepraten med Marianne Husby

- Tenk at det er ein ven som ventar på besøk, som lengtar etter at vi skal snakke med han. Slik kan vi tenke om bøn, seier Marianne Husby. For Marianne er bøn ein veldig viktig del av livet.

Tekst: Jan Ove Krutvik

Foto: Jan Ove Krutvik og Marianne Husby

Kva er bøn? Kven kan be? Korleis kan ein be? Eg har invitert med Marianne Husby på ein liten gåtur til gapahuken ved Grimsvikvatnet, for å høre kva ho tenkjer om bøn.

- Eg liker godt å gå denne turen. Det er ikkje så langt å gå, og det er ein fin plass og ta med lunsjen, seier Marianne.

Marianne Husby bur i Foldfjorden saman med mannen Kristian og barna Katrine og Magnus. Starten på livet var derimot mykje meir urban. I 1975 vart ho fødd i Liverpool, England. Foreldra arbeidde i sjømannskyrkja der. Marianne har budd mange stader, men kort oppsummert blir det slik: Oppvekst i Overhalla, ungdomsskole i Canada, og vidaregåande på Inderøy. I 2011 hamna ho i Aure. Foldfjordingen og han som vart ektemann, Kristian Husby, var nok grunnen til det.

- Eg liker naturen her. Fint at ungane kan vekse opp med frisk luft rundt seg, seier Marianne.

### Lengta etter meir

Trua har ho hatt med seg heile livet. I tenåra starta ho kjenne ho på ein lengsel etter

noko meir. Marianne hadde vakse opp med mange gudstenester, så det var naturlig å søke Gud. Sjølv trur ho foreldra i oppveksten hadde lagt til rette for at ho kunne få ein relasjon til Gud. Ho sökte Gud ved å lese Bibelen.

- Etter kvart utvikla trua seg frå å kunne Bibelen, til at eg fekk ein nærmere relasjon til Gud inni meg. Eg fekk kjenne at Jesus er min ven, og at Gud er min far. Som andre relasjoner endra relasjonen min til Gud seg ved å halde saman i tunge tider, og ved å feire i lag når livet er godt, fortel Marianne.



Frå det fjerne synte Herren seg  
for meg: Med evig kjærleik har  
eg elskar deg, difor har eg heile  
tida vist deg miskunn.

Jeremia 31,3

Dette verset har følgt  
Marianne sidan ho var i 20-åra.



### Kloster og retreat

Lengta etter noko meir, blanda med ei utreisetrong, førte Marianne til eit kloster i Sør-Frankrike etter vidaregåande. Der var ho au pair i fire månader. Der fekk ho og dei andre au pairane leve som ein del av klosterlivet. Der møtte ho stilla.

- Det å søke Gud i stilla gav gjensvar til lengselen min, seier Marianne.

Etter opphaldet i kloster opplevde Marianne eit tomrom. Då oppdaga ho retreat. I Noreg er det fleire stader som driv med retreat. På nettsida retreater.no kan vi lese at retreatane er ulike, men at felles for alle er det at ein er stille og taus i felles-



skap med andre, anten heile eller deler av tida ein er i lag på retreat. Retreat blir òg kalla ein åndeleg tilfluktsstad. Marianne har vore på mange retreat. I to og eit halvt år var ho òg ein del av arbeidsfellesskapet på Sandom retreatsenter i Garmo. Det var viktige år for Marianne.

- På retreat kan eg søke Jesus i fellesskapet og i stilla. For meg blir det kvalitetstid med ein ven. Det kan vere så mykje støy i livet. Då er det godt å legge vekk alt anna og finne stilla i seg sjølv. Nokon går på fjellet for å finne stilla, eg drar på retreat, seier Marianne.

### Kva er bøn?

- Har du vore i Kvennavågen, spør Marianne meg. Eg må innrømme at dette var fyrste gong til gapahuken, og at eg ikkje har vore i Kvennavågen før. Dermed går vi frå gapahuken, og finn skogsvegen gjennom ein tett granskog. I Kvennavågen ligg sjøen like blank som Grimsvikvatnet var. Vi blir møtt av den herlege lukta av sjø og blaut tang. Vi kan snakke litt meir om kva bøn er.

- Bøn er samtale med han eg trur på. Eg kan framleis kome med ynskjelista mi til Gud, men stilla har gitt meg sjansen til å legge vekk alle velformulerte bøner og alle orda. Eg kan kome utan så mange ord. Bøn kan vere å vere stille nær Gud. Bøna kan bli ein lengsel etter noko Gud har skapt i meg først. Eg elskar når eg får ei bøn frå Gud som eg skal be. Det blir som å få ei gáve. Då blir det sjeldnare eg kjem med ynskjelista mi. Tanken på at Gud er i meg, og at eg er i Gud, gjer det enklare å tenke at eg ikkje treng så mange ord når eg ber.

Nokre gonger synast Marianne det er



**Gapahuken ved Grimsvikvatnet.**

tungt å be, og ho vel bort bøna.

- Eg veit at Gud ikkje blir sur på meg om eg ikkje vil be. Eg veit at han då ventar på meg, fortel Marianne.

#### Bønesvar

Eg hadde på førehand tenkt å spørje Marianne om ho har opplevd bønesvar, men undervegs i samtalet har eg tenkt at det kanskje ikkje er eit så viktig spørsmål.

- Bøn handlar meir om å vere nær Gud, enn om kva ynskjer eg legg fram for Gud. Samtidig er eg òg opptatt av å be for sjuke, og å leggje konkrete personar og ting fram for Gud. Nokre gongar blir personar friske etter bøn, men det vanlegaste for meg er at personane ikkje blir friske etter bøn. Eg veit Gud kan, og mykje kan bli forandra sjølv om vi ikkje ser det. Det er uansett kraft i å be i lag, trur Marianne.

- Det kan vere slitsamt åtru på ein allmekting Gud, som ikkje alltid grip inn i det som er vondt. Likevel opplever eg åtru på ein levande Gud som har sett avtrykk i meg. Eg kjenner òg Guds nærvær når eg ber, seier Marianne.


#### Ein ven som ventar på besøk

Mange kjenner til Herrens bøn, eller Fader Vår som det stod i eldre utgåver av Bibelen, og mange hugsar nok ulike «nattasongar» frå barndomen som var som ei bøn. Kven tenkjer Marianne kan be slik ho skildrar?

- Alle kan be. Tenk på det som ein ven som ventar på besøk. Ein som lengtar etter at vi skal snakke med han. Det gjeld uan-

sett fortid eller korleis ein føler seg. Gud elskar alle, uansett om ein trur eller ikkje. Eg trur det er viktig å kome som seg sjølv.

Vi treng ikkje vere så prektige. Gud har skapt oss, og han synast vi er fine, avsluttar Marianne.



**Marianne utanfor klosteret.**



**Sandom retreatsenter.**

**SJØSIDEN**  
FRISØR  
**Bente L.  
Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
**Telefon 479 55 426**

**H. Aukan**  
**Regnskapskontor AS**  
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund  
Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

## Vi arrangerer

- \* Barnedåp
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamvær
- \* Catering



Tlf 716 46 238

## BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

**PHEDER** | **BERTELSEN GRAVFERD**

72 45 25 37 – Døgnvakt  
www.bertelsen-bgr.no  
*Bertelsen Gravminner*  
41 77 05 10

*Bertelsen gravferd*  
vinner av Næringsprisen i Heim 2020

**COOP**  
vikhals  
Dagligvarer, bensin, diesel  
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

**Bt BYGGtorget**  
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

### Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

#### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.  
Varebringning etter avtale.

Åpningsstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjørsvikbogen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: byggvarehuset@c2i.net

## Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals  
Tlf 71 64 56 41  
Faks 71 64 56 67



**AURE BIL OG FRITID**  
Din naturlige samarbeidspartner ved  
kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tiltrekkere
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48  
E-post: post@aurebilofritid.no  
Nettside: www.aurebilofritid.no  
Facebook: Aurebilofritid

**S MASKIN A/S**  
www.slmaskin.no

**Blomster og gaver  
i Aure!**

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-
ÅPENT	ma-to 10-17
	Fre 10-18
	Lør 10-15

Velkommen til Vihals  
**Flora Idé AS**  
– Jørjan Ulfnes-Skar –  
gartner og dekoratør  
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

**Klær Strand**  
AURE

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

**Glamstad Bygg as**  
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

# Aure +Tustna + Smøla-konfirmanter er sant

Tekst og bilder: Arne Mastad

Det var 41 spente konfirmanter og noen lett bekymrede ledere som møttes på gamle Innsmøla skole fredag den 16. september. Eco- camp heter stedet i dag og er et vandrermuseum der overnattingen skjer både på 3-4 mannsrom og på sovesaler med køyer. Yr.no hadde varslet den kanskje våteste helga i høst, så planene om utstrakt uteliv var det bare å glemme.

Her skulle vi være på konfirmantleir, ha undervisning, leik, matservering og her skulle vi sove! Kunne det gå bra? Svaret ble JA, med greie og samarbeidsvillige ungdommer går det meste.

Det er ikke slik at ungdommer fra Smøla og Aure kommune kjenner hverandre, de aller fleste kjente ingen over kommunegrensene. Men fra første stund opprettet en del av jentene kontakt, og gjennom helga ble det mange nye bekjentskaper stiftet. Artig å se.

Til dere foreldre. Takk for tilliten med å sende ungene deres på leir, dere kan være stolte over ungdommene deres.

Foreldrene til Smølakonfirmantere kom og hjalp til ved måltidene og stilte som transportører. Toralf Bakken, Hanne Marit Winther Dyrnes og Arne Mastad fra konfirmantutvalget i Aure var ledere gjennom hele leiren, og prestevikarene Preben Colstrup far Aure og Leif Ole Husfest fra Smøla tok seg av undervisningen sammen med trosopplærer Elisabeth Finset.

Det ble en intens sosial helg med overveldende mange og nye inntrykk. Å være på leir på denne måten var en ny opplevelse for mange, og om vi var slitne etterpå? Selvfølgelig, men det er da ikke skadelig. Men mange minner, opplevelser og erfaringer er lagt i livssekken.

Leiren ble avsluttet med gudstjeneste i Edøy kirke. Vi håper konfirmanttiden vil fortsette med å gi de unge impulser om tro og håp som kan være til hjelp gjennom livet.





# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døpte:

03.07.22 Kasper Neraas  
31.07.22 Benjamin Finset  
21.08.22 Magner Berge Slætta

### Døde:

14.06.22 Kolbjørn Ås f. 1927  
11.06.22 Atle Johan Bergdal f. 1958  
17.06.22 Ole L. Torset f. 1930  
30.06.22 Martin Ole Helle f. 1942  
07.07.22 Ola Myren f. 1944  
18.07.22 Helge Arild Høvik f. 1942  
19.08.22 Marit Beate Ertvaag f. 1974  
03.09.22 Gjermund Vaag f. 1933  
04.09.22 Brynhild Berg f. 1922

## Gullstein kirke

### Vigde:

Sør – Tustna kapell  
30.07.22 Heidi Agnethe Strand og

John Ivar Strand

### Gullstein kirke

13.08.22 Ingvild Lovise Tømmervåg og  
Robin Gaarder Eriksen

### Ringholmen

20.08.22 Marianne Stormyr og  
Stig Arve Helland

### Døde:

06.07.22 Agnes Lervåg f. 1936  
16.08.22 Astrid Golmen f. 1929  
31.08.22 Kristian Flosand f. 1954

## Stemshaug kyrkje

### Døpte:

14.08.22 Eira Hjelen

### Vigde:

06.08.22 Marie Hansen og  
Olav Magnus Goa

### Døde:

21.06.22 Bergljot Oddrun Torset f. 1934

**Vareminnesider.no – dødsannonser fra heile landet**




## Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe
  - Oppretting av skeiit gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn.
  - Lys, lykter og bronse artikler.

**Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305**  
**gravstedtjenester@gravstedtjenester.no**

**TA KONTAKT MED JAN FRODE JOHNSEN PÅ 91568305**  
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



**ØYVILT**  
6694 Foldfjorden  
**TLF: 915 75 803**  
**Vilt-Fisk-Fiskemat**

**Ring oss på**  
**481 57 263 / 915 75 803**  
**for en hyggelig prat.**

Vi tilbyr catering til alle anledninger  

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

### Adresse:

**Aursundsvegen 147**  
**6690 Aure**  
post@aurekyrkje.no

### Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

www.aurekyrkje.no

### Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

kyrkjegardsarbeidar, Aure:

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:

Roger Steen

468 62 240

Sekretær Dordi Signe Oldervik

479 75 472

Trusopplærar/Konfirmantlærar:

Elisabeth Finset: 479 75 085

### Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,

Brit Nilsen, Ann-Mari Ufsnes,

Anne Marie Moltubakk og

Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

VIPPS: 611170

### Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no

www.orklagrafiske.no



# Gudstenester

Med etterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag og på  
websiden [www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)

02.10.2022	Gullstein kirke kl. 11.00	Høgmesse	Stine Sofie stiftelsen
16.10.2022	Aure kyrkje kl. 11.00	Høgmesse	TV-Aksjonen
23.10.2022	Stemshaug kyrkje kl. 11.00	Høgmesse	Kirkelig Ressursenter mot vold og seksuelle overgrep
30.10.2022	Gullstein kirke kl. 11.00	Høgmesse	Kirkens Bymisjon
06.11.2022	Gullstein kirke kl. 11.00	Minnegudsteneste	Allhelgen Tustna Helselag
06.11.2022	Stemshaug kyrkje kl. 16.00	Minnegudsteneste	Allhelgen Diakoniarbeid
06.11.2022	Aure kyrkje kl. 19.00	Minnegudsteneste	Allhelgen Diakoniarbeid
20.11.2022	Aure kyrkje kl. 11.00	Høgmesse	Utdeling 2/4 - års bok IKO
20.11.2022	Stemshaug kyrkje kl. 16.00	Høgmesse	Utdeling 2/4 - års bok Studentmiddag
27.11.2022	Skardsøya grandahus kl. 15.00	Familiegudsteneste	
04.12.2022	Gullstein kirke kl. 11.00	Høgmesse	Utdeling 2/4 - års bok Søndagsskolen Møre
11.12.2022	Gullstein kirke kl. 16.00	Lysmesse	Menighetsarbeid
11.12.2022	Aure kyrkje kl. 19.00	Lysmesse	Konfirmantarbeid

## Årets 50-årskonfirmanter på Tustna



## Årets 50-årskonfirmanter i Aure og Stemshaug

## Konfirmanter Tustna

## Konfirmanter Aure

### Returadresse:

Menighetsblad  
v/ Aure kyrkjecontor  
Aursundvegen 147  
6690 Aure

Bak f.v.  
Konfirmantlærar Stig  
Ottar Jensen,  
Markus Dromnes  
Glomstad, Edvard  
Asuncion Bugen,  
Johannes Bertin  
Finset, Magnus  
Espetvedt Knutsen,  
Tobias Leenen, vi-  
karprest Preben  
Colstrup.  
Midten f.v. Sara  
Metliås Jensen,  
Kristoffer Hjelanes,  
Eirik Våg, Vetle  
Erlandsen Engdal,  
Jan Ivar Hegglund-  
Hjelen, Emil Tøndel  
Sæternes, Amalie  
Jonsen, Jannicke  
Pedersen.  
Foran f.v. Saron  
Tesfay  
Weldelibanos, Mari  
Ulf'snes, Pernille  
Ormbostad Rønne,  
Malin Lyngvær, Thea  
Alexandra Langtinn.



Bak f.v.  
Konfirmantlærer Stig  
Ottar Jensen, Martin  
Dahle Sandvik, Nele  
Strobel, Maren Elise  
Søyseth, vikarprest  
Preben Colstrup.  
Foran f.v. Natalie  
Engvik, Hanna Alette  
Strømsholm  
Follestad, Siri  
Birgitte Flato  
Golmen, Håkon  
Aukan.

